1. Det kan gjevast etableringstilskot til førstegongs etablering med bygging, kjøp og/eller restaurering av eigen privat bustad i Masfjorden kommune med kr. 60.000,- for dei under 35 år, og kr. 40.000,- for dei mellom 35 år og inntil ein fyller 40 år. Etableringstilskotet kan ikkje utgjere meir enn 10% av kostnaden

2. Etableringstilskot vert berre ytt til ungdom i etableringsfasen. For å koma innfor definisjonen ”ungdom i etableringsfasen”, må søkjaren vera under 40 år den dag mellombels bruksløyve/ferdigattest ligg føre.
3. Søknadsfrist vert sett til 1. september kvart år, for utbetaling i neste budsjettår, slik at midlane til etableringstilskot kan innarbeidast i årsbudsjettet til kraftfondet.
4. Ved søknaden må det leggjast ved attestasjon på at søkjaren er byggherre, og skal vera eigar av huset/registrert som innbyggjar i kommunen.
5. Etableringstilskotet vert nedskrive over 5 år. Ved sal av bustad eller flytting frå kommunen før dette tidsrommet er ute, skal kommunen ha tilbakebetaling i høve til den tida som er gått.
6. Etableringstilskotet kan betalast ut etter nærare vurdering når mellombels bruksløyve eller ferdigattest føreligg.

#### 4. Vurdering

Søknaden stettar grunnlaget for tilskot jf. Pkt. 1 & 2 i vedtektene. Søkjar fødde i 1996 og 1991, og dermed innfor kravet for å få kr. 60.000 i etableringstilskot.

#### 5. Konklusjon

*Miriam S. Haugen og Joakim Haugsvær får tildelt etableringstilskot på kr. 60.000,- til oppføring av bustad på G.nr. 47, B.nr. 74 i Masfjorden*

Med helsing

Svein Helge Hofslundsengen  
rådmann

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur*

**Mottakarar:**

Miriam Standnes Haugen

Haugsværlia 35 5983

Haugsvær

Marit Grimsland  
Solheimsneset 20  
5983 Haugsvær

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/30 - 22/2483

Sakshandsamar:  
Svein Helge Hofslundsengen  
svein.helge.hofslundsengen@masfjorden.kommune.no

Dato:  
14.03.2022

## Vedk. søknad om etableringstilskot

Vi syner til søknad motteke den  
Dersom du er part i saka med klagerett vil du også få vedlagt saksutgreiinga.

### **Administrativt vedtak. Saknr:**

*Marit Grimsland får tildelt etableringstilskot på kr. 60.000,- til kjøp av G.nr. 44, B.nr. 48 i Masfjorden.*

### *Klagerett:*

*Masfjorden kommune gjer merksam på at det er klagerett (fvl. §28) på dette vedtaket. Klage må sendast innan 3 veker. (fvl. §29)*

### Saksutgreiing:

#### 1. Bakgrunn

Søknad om etableringstilskot i tråd med nye retningsliner av hausten 2021

#### 2. Uttale

Kopi av akseptbrev bod kring kjøp av eigedom Solheimsneset 20 følgde med søknaden.

#### 3. Fakta

### **Etableringstilskot**

1. Det kan gjevast etableringstilskot til førstegongs etablering med bygging, kjøp og/eller restaurering av eigen privat bustad i Masfjorden kommune med kr. 60.000,- for dei under 35 år, og kr. 40.000,- for dei mellom 35 år og inntil ein fyller 40 år. Etableringstilskotet kan ikkje utgjere meir enn 10% av kostnaden



2. Etableringstilskot vert berre ytt til ungdom i etableringsfasen. For å koma innfor definisjonen ”ungdom i etableringsfasen”, må søkjaren vera under 40 år den dag mellombels bruksløyve/ferdigattest ligg føre.
3. Søknadsfrist vert sett til 1. september kvart år, for utbetaling i neste budsjettår, slik at midlane til etableringstilskot kan innarbeidast i årsbudsjettet til kraftfondet.
4. Ved søknaden må det leggjast ved attestasjon på at søkjaren er byggherre, og skal vera eigar av huset/registrert som innbyggjar i kommunen.
5. Etableringstilskotet vert nedskrive over 5 år. Ved sal av bustad eller flytting frå kommunen før dette tidsrommet er ute, skal kommunen ha tilbakebetaling i høve til den tida som er gått.
6. Etableringstilskotet kan betalast ut etter nærare vurdering når mellombels bruksløyve eller ferdigattest føreligg.

#### 4. Vurdering

Søknaden stettar grunnlaget for tilskot jf. Pkt. 1 & 2 i vedtektene. Søkjar fødd i 1993, og dermed innfor kravet for å få kr. 60.000 i etableringstilskot

#### 5. Konklusjon

*Marit Grimsland får tildelt etableringstilskot på kr. 60.000,- til kjøp av G.nr. 44, B.nr. 48 i Masfjorden.*

Med helsing

Svein Helge Hofslundsengen  
rådmann

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur*

**Mottakarar:**  
Marit Grimslund

Solheimsneset 20 5983

Haugsvær

Solveig Grimsland Trodal  
TRODALEN 65  
5984 Matredal

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/29 - 22/2482

Sakshandsamar:  
Svein Helge Hofslundsengen  
svein.helge.hofslundsengen@masfjorden.kommune.no

Dato:  
14.03.2022

## Vedk. søknad om etableringstilskot

Vi syner til søknad motteke den 10.3.22  
Dersom du er part i saka med klagerett vil du også få vedlagt saksutgreiinga.

### **Administrativt vedtak. Saknr:**

*Solveig Grimsland Trodal og Tore Trodal får tildelt etableringstilskot på kr. 60.000,- til kjøp av G.nr. 48, B.nr. 2 i Masfjorden.*

### *Klagerett:*

*Masfjorden kommune gjer merksam på at det er klagerett (fvl. §28) på dette vedtaket. Klage må sendast innan 3 veker. (fvl. §29)*

### Saksutgreiing:

#### 1. Bakgrunn

Søknad om etableringstilskot i tråd med nye retningsliner av hausten 2021

#### 2. Uttale

Med søknaden følgde ikkje relevant dokumentasjon som m.a. kjøpekontrakt, og denne må oversendast kommunen før utbetaling av tilskot

#### 3. Fakta

### **Etableringstilskot**

1. Det kan gjevast etableringstilskot til førstegongs etablering med bygging, kjøp og/eller restaurering av eigen privat bustad i Masfjorden kommune med kr. 60.000,- for dei under 35 år, og kr. 40.000,-

for dei mellom 35 år og inntil ein fyller 40 år. Etableringstilskotet kan ikkje utgjere meir enn 10% av kostnaden

2. Etableringstilskot vert berre ytt til ungdom i etableringsfasen. For å koma innfor definisjonen "ungdom i etableringsfasen", må søkjaren vera under 40 år den dag mellombels bruksløyve/ferdigattest ligg føre.
3. Søknadsfrist vert sett til 1. september kvart år, for utbetaling i neste budsjettår, slik at midlane til etableringstilskot kan innarbeidast i årsbudsjettet til kraftfondet.
4. Ved søknaden må det leggjast ved attestasjon på at søkjaren er byggherre, og skal vera eigar av huset/registrert som innbyggjar i kommunen.
5. Etableringstilskotet vert nedskrive over 5 år. Ved sal av bustad eller flytting frå kommunen før dette tidsrommet er ute, skal kommunen ha tilbakebetaling i høve til den tida som er gått.
6. Etableringstilskotet kan betalast ut etter nærare vurdering når mellombels bruksløyve eller ferdigattest føreligg.

#### 4. Vurdering

Søknaden stettar grunnlaget for tilskot jf. Pkt. 1 & 2 i vedtektene. Søkjar fødte i 1989 og 1987, og eine søkjar dermed 35 år, men samla innfor kravet for å få kr. 60.000 i etableringstilskot – samt treng avklaring i høve pkt. 2, stor tidsramme mellom innflytting og kjøp.

#### 5. Konklusjon

*Solveig Grimslund Trodal og Tore Trodal får tildelt etableringstilskot på kr. 60.000,- til kjøp av G.nr. 48, B.nr. 2 i Masfjorden.*

Med helsing

Svein Helge Hofslundsengen  
rådmann

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur*

**Mottakarar:**

Solveig Grimslund Trodal

TRODALEN 65

5984

Matredal

Stine Flolid

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/1149 - 21/10552

Sakshandsamar:  
Svein Helge Hofslundsengen  
svein.helge.hofslundsengen@masfjorden.kommune.no

Dato:  
20.12.2021

## Vedk. søknad om etableringstilskudd

Vi syner til søknad motteke den 12.desember 2021  
Dersom du er part i saka med klagerett vil du også få vedlagt saksutgreiinga.

### **Administrativt vedtak. Saknr:**

*Stine Elisabeth Flolid og Sander B. Haugland får tildelt etableringstilskot på kr. 60.000,- til kjøp av G.nr. 31, B.nr. 35 på Masfjordnes*

### *Klagerett:*

*Masfjorden kommune gjer merksam på at det er klagerett (fvl. §28) på dette vedtaket. Klage må sendast innan 3 veker. (fvl. §29)*

### Saksutgreiing:

#### 1. Bakgrunn

Søknad om etableringstilskot i tråd med nye retningsliner av hausten 2021

#### 2. Uttale

Med søknaden følgde relevant dokumentasjon som m.a. kjøpekontrakt

#### 3. Fakta

### **Etableringstilskot**

1. Det kan gjevast etableringstilskot til førstegongs etablering med bygging, kjøp og/eller restaurering av eigen privat bustad i Masfjorden kommune med kr. 60.000,- for dei under 35 år, og kr. 40.000,- for dei mellom 35 år og inntil ein fyller 40 år. Etableringstilskotet kan ikkje utgjere meir enn 10% av kostnaden

2. Etableringstilskot vert berre ytt til ungdom i etableringsfasen. For å koma innfor definisjonen ”ungdom i etableringsfasen”, må søkjaren vera under 40 år den dag mellombels bruksløyve/ferdigattest ligg føre.
3. Søknadsfrist vert sett til 1. september kvart år, for utbetaling i neste budsjettår, slik at midlane til etableringstilskot kan innarbeidast i årsbudsjettet til kraftfondet.
4. Ved søknaden må det leggjast ved attestasjon på at søkjaren er byggherre, og skal vera eigar av huset/registrert som innbyggjar i kommunen.
5. Etableringstilskotet vert nedskrive over 5 år. Ved sal av bustad eller flytting frå kommunen før dette tidsrommet er ute, skal kommunen ha tilbakebetaling i høve til den tida som er gått.
6. Etableringstilskotet kan betalast ut etter nærare vurdering når mellombels bruksløyve eller ferdigattest føreligg.

#### 4. Vurdering

Søknaden stettar grunnlaget for tilskot jf. Pkt. 1 & 2 i vedtektene. Søkjar fødde i 2000 og 2001, og dermed innfor kravet for å få kr. 60.000 i etableringstilskot.

Det er ledig/unyttar midlar til etableringstilskot i 2021, slik at tilskotet vert utbetalt i år.

#### 5. Konklusjon

*Stine Elisabeth Flolid og Sander B. Haugland får tildelt etableringstilskot på kr. 60.000,- til kjøp av G.nr. 31, B.nr. 35 på Masfjordnes*

Med helsing

Svein Helge Hofslundsengen  
rådmann

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur*

**Mottakarar:**  
Stine Flolid



Even ANDvik  
Andvikvegen 513  
5981 MASFJORDNES

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/1095 - 22/1636

Sakshandsamar:  
Svein Helge Hofslundsengen  
svein.helge.hofslundsengen@masfjorden.kommune.no

Dato:  
22.02.2022

## Vedk. tilskot kjøp av mjølkekvote

Viser til tidlegare skriv i samband med søknad tilskot til kjøp av mjølkekvote, og til ordninga;

### **KOMMUNALT INVESTERINGSTILSKOT VED KJØP AV MJØLKEKVOTE, TILSKOT PR. LITER KJØP KVOTE:**

Søkjar under 30 år	50 %
Søkjar mellom 30 - 40 år	25 %
Søkjar over 40 år	12,5 %

Støtten har vore basert på kr. 2,50 pr. liter.

Kjøp av

80733 sal melkekvote 80733 liter

12,50

1 009 163 (25)

Som gjev følgjande tilskot,

80733 liter x kr. 2,50, som brutto utgjør kr. 201.832,50, og med tilskot på 25%, **utgjør kr. 50.459,-**

Med helsing

Svein Helge Hofslundsengen  
rådmann

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur***Vedlegg:**

**Mottakarar:**  
Even ANdvik

Andvikvegen 513 5981

MASFJORDNES

## Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Anne Kristin Rafoss		22/294

Saknr	Utval	Type	Dato
006/2022	Kraftfondsstyret	PS	29.03.2022

### Referatsak

#### Tilknytte dokument:

1. Statusrapport - oppmoding om utbetaling av årleg tilskot - Masfjorden kommune
2. Gulen og Masfjorden Utvikling AS – avhending av eigarpostar

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Referatsaker vert tekne til orientering

#### Saksopplysningar:

Masfjorden kommune,  
Austfjordvegen 2724,  
5981 Masfjordnes

Sløvåg, 14. desember 2021

## **Statusrapport og oppmoding om utbetaling av årleg tilskot.**

Rapporten vil ta føre seg hovudtrekka i arbeidet til Gulen og Masfjorden Utvikling as, (GMU) siste året, og det vert med dette oppmoda om utbetaling av tilskot for 2021.

GMU sitt føremål, forretningsplan og samarbeidsplattform med kommunane har danna grunnlag for arbeidsplanen som GMU har organisert verksemda si etter i 2021.

### **Næringsarbeid i pandemitid:**

Også 2021 har vore sterkt prega av eit samfunn som lever i ein pandemi. Det meste av planlagde arrangement, kurs og næringslivssamlingar har ikkje vore tilrådeleg å gjennomføre som følgje av smittevernrestriksjonar, og møter, høyringar og anna har vorte gjennomført digitalt. Dette er effektive plattformer, men ein misser samstundes fora for den uformelle praten som er svært viktig når det kjem til å knyte kontaktar og koplingar mellom næringsliv/offentleg/privat.

Lokale bedrifter ser optimistisk på framtida og ingen har endra vesentleg på investeringsavgjerder framover som følgje av pandemien, og i åra som kjem vil det bli etablert mange nye arbeidsplassar som skaper auka verdiskaping. Generelt kan ein seie at lokalt næringsliv klart seg svært bra og driv jamt over som normalt trass enkelte utfordringar knytt til pandemien som forseinka leveringar, i nokre tilfelle råvaremangel, samt enkelte periodar med personellmangel pga innreiserestriksjonar.

Næringane som slit, og framleis vil gjere det jmf siste dagar delvise nedstenging, er knytt til reiseliv, oppleving -og dels personleg tenesteyting. Dette er bransjar med små marginar der sommarsesongen ofte er avgjerande for kva mogelegheiter ein har for oppgradering, produktutvikling mm i kommande år. Trass i at bedriftene melder om ein relativt sett god sommarsesong for 2021 er bransjen under eitt likevel sett tilbake når det kjem til utvikling av nye og eksisterande tilbod. Bedriftene skal ha ros for å ha snudd seg rundt mot den norske marknaden som gir større marginar, ulempa er at desse gjestene i stor grad «klumpar» seg rundt ein liten del av sesongen. Ingen lokale verksemder har til no gått under som følgje av pandemien.

## Næring

Der 2020 i stor grad var prega av hjelp til søknadsskriving og mykje rådgjeving knytt til støtteordningar og andre tiltak, har 2021 i så måte vore meir normalt. Dette stadfestar tilbakemeldingar frå lokalt næringsliv om at drift har gått/går som normalt med nokre unntak knytt til spesifikke bransjar, og hjelp til søknader er tilbake på normalt nivå. Det kan synast som om optimisme i lokalt næringsliv og ei arbeidsledigheit på under 1% medfører at det er mindre behov for å skape sin eigen arbeidsplass og GMU har brukt mindre tid på rådgjeving dette året. Denne trenden er også synleg i resten av Nordhordland der andre verkemiddelaktørar fortel om tilsvarende utvikling.

	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	Samla
Tal henvendingar	15	21	19	28	23	27	28	18	179
Tal rettleiing	9	18	18	15	11	21	14	11	117
Tal søknadsstøtte	5	9	10	14	13	14	12	11	88
Tal etableringshjelp	2	3	7	5	4	3	6	4	34

60% av henvendingane gjeld etablert næringsliv og er i form av hjelp til ein enkelt søknad. 6 av henvendingane er heimehøyrande i Masfjorden.

Støtta frå kommunale næringsfond og Kraftfond er svært viktig for lokale gründerar og mindre bedrifter. Trass i at nasjonale verkemiddel som Innovasjon Norge og andre nasjonale støtteordningar har vorte tilført mykje midlar under pandemien, er nålauget framleis svært trengt for bedrifter som ikkje kan seiast å ha særskilt vekstpotensiale eller internasjonalisering. Næringsfond blir såleis ein viktig faktor for dei mange etableringane som skaper nye tilbod og auka verdiskaping lokalt, men som ikkje stettar vilkåra til Innovasjon Norge.

### Tiltak for å stimulere til auka gründerinteresse:

Gjennom 2021 har ein så langt som råd forsøkt å oppretthalde aktivitetar knytt til nettverkssamling og gründeraktivitet, men smittevern har sett ein stoppar for det meste av fysiske samlingar. Som følge av dette har bedriftsnettverket Impuls berre gjennomført ei samling dette året, og det årlege gründerarrangementet «VÅG- å satse», har ikkje vorte gjennomført i 2021.



Føredrag ved Bente Nordanger frå Sande gård, Impuls-samling på Skjerjehamn 19.04.



Det er etablert gode digitale løysingar for dei som ynskjer kursing knytt til gründerskap, bl.a. regi av Vestland fylke og som er gratis for brukarane. Erfaringa er likevel at gründerane ynskjer å møte ein fysisk person og kunne diskutere «over bordet» i oppstartsfasen trass i eit godt digitalt tilbod.

## Næringsliv og skule:

Å kople næringsliv og skulane tettare på kvarandre og gjere ungdommen kjend med bedrifter og karrieremogelegheiter lokalt har vore ei viktig sak for GMU gjennom fleire år.

Planar om etablere faste opplegg for skulebesøk hos lokale bedrifter er sett på vent som følge av pandemien, men med opning av samfunnet for ein periode, let det seg gjere å arrangere karrieremesse dette året.

Det var tydeleg at næringslivet såg fram til å treffe på både jobbsøkarar, ungdommar og andre bedrifter, responsen på invitasjonen var svært god med heile 19 verksemder på plass, (fullt hus). Godt samarbeid med skulane gjorde at alle ungdomsskulane i kommunen dukka opp saman med foreldre og/eller lærarar. Saman med jobbsøklarar og andre interesserte, møtte om lag 160 stk. opp for å prate meir med aktuelle arbeidsgjevarar, høyre bedriftspresentasjonar og etablere kontaktar. Tilbakemeldingane frå næringsliv var svært gode og fleire bedrifter sat att med reelle søkarar og personar som vart oppmoda om å søkje jobb.



Bedriftspresentasjon ved Viking Aqua



Bedriftspresentasjon ved Wergeland-gruppa



## **Profilering:**

GMU arbeider for å tiltrekke seg nye og større næringslivsaktører til regionen. Ein stor del av dette arbeidet krev at ein deltek på relevante næringslivsmesser, konferansar og nettverkssamlingar der målet er å vise fram og informere om næringsliv i regionen, samt knyte kontaktar.

I januar 2021 kom gjekk Equinor i samarbeid med Panasonic ut med førespurnad om areal til batterifabrikk og 2000 tilhøyrande arbeidsplassar (500 i driftsfasen). Dette skapte stort engasjement blant kommunane i Vestland og fylkeskommunen tok på seg koordineringsrolla for å hente denne til Vestland fylke. Ein svært omfattande kravspesifikasjon som også omhandla utdanning, rekruttering, offentlig tenestetilbod langt utover det som gjaldt kvalitetar ved tomtearealet, gjorde at nær all tid i starten av året gjekk med til utforming av kommunalt støtteskriv til dei lokale eigedomsutviklarane. Trass i at ein ikkje nådde opp i kampen om lokalisering av denne aktøren, er det likevel lagt ned eit godt stykke arbeid i eit arbeids/tilbodsdokument med tilhøyrande statistikk som også kan nyttast ved seinare høve. (Er også utarbeidd i engelsk versjon.)

2021 har elles vore prega av pandemien, og det har i liten grad vore mogeleg med fysiske samlingar og digitale kanalar har såleis vorte tilsvarande viktigare. Aktiv deltaking i digitale forsamlingar med føredrag og relevante innspel har difor vore ein måte å skape merksemd om aktiviteten som skjer i regionen.

Ved formidling av nyhende, profilering av lokalt næringsliv og anna informasjon, nyttar ein i all hovudsak FBi tillegg til direkte kontakt, (e-post). SoMe er ein effektiv og billig kanal mot. synlegheit, og rekkevidda er god samanlikna med alternativ som t.d. trykte media.

## **Opplev Masfjorden**

Tidleg vår 2021 tok eit par mindre bedrifter kontakt med GMU med førespurnad om prosjektleiing knytt til eit marknadsføringsprosjekt for reiselivs- og servicebedrifter i Masfjorden kommune. Lokale bedrifter opplevde at det var nokså tilfeldig kva tilreisande fann av informasjon om tilbod i Masfjorden og at det var vanskeleg å google seg fram til desse. På bakgrunn av dette vaks eit prosjekt for å løfte fram overnattings-, opplevingar, og serviceverksemder fram der målsetjinga var å gjere det enklare å finne fram til lokale tilbod og slik få tilreisande (og lokale) til å legge att meir pengar lokalt. Alle verksemder innan overnatting, -servering, -opplevingar, -lokalmat og butikkhandel i Masfjorden har fått tilbod om å delta i prosjektet, av desse forplikta 14 seg til å delta vidare.

Svært mange bedrifter manglar eigne nettsider, første steg var difor å etablere ei felles nettside med omtale av alle bedriftene, samt generell informasjon som reisetider, naturopplevingar mm. Ein kom raskt til at GMU måtte ansvar for tekst og bilete, eit omfattande arbeid som gjorde det krevjande å komme i mål til fellesferien. Sida vart publisert 16. juli samstundes som ein kampanje i sosiale media med daglege innlegg om bedriftene starta. Dette har medført god publisitet både om bedriftene, og nettsida. Full effekt ser ein først i 2022 ettersom ein kom seint i gang, det er også mål om å få med fleire av bedriftene knytt til reiseliv og service, ein ser difor ikkje prosjektet som avslutta.

Som ein tilleggseffekt av prosjektet har ein sett at lokale verksemder er vorte betre kjende med kvarandre på tvers av kommunen. Dette har danna grunnlag for tettare samarbeid knytt til særleg mat -og overnatting, og i fortsetjinga av dette er det ynskjeleg å skape eit tettare nettverk med fagsamlingar, produktutvikling mm.

Prosjektet var finansiert med støtte frå Masfjorden kommune sitt kraftfond i tillegg til eigeninnsats frå GMU og ein mindre eigendel frå bedriftene.

### **Nettverk:**

Kjennskap til nettverk, ressurspersonar og utviklingsmiljø/utdanningsmiljø er viktig både av omsyn til utviklingsarbeid og profilering. Det har naturleg nok vore få treffpunkt gjennom 2021 utover dei digitale, dette merkast då dei uformelle samtalanane ofte er svært nyttige med omsyn til informasjon og etablering av nye kontaktar.

Samarbeid med andre organisasjonar har også dette året vore svært viktig for å få løfta problemstillingar knytt til pandemien høgare opp på agendaen då ikkje alle tiltak er like godt tilpassa mindre verksemder i distriktet. Organisasjonane kvar for seg er relativt små, og samarbeid er avgjerande for å få løfta lokale problemstillingar enten det er knytt til pandemi eller meir «daglegdagse» utfordringar som ferjeproblematikk, veg, kraftsituasjonen mv.

### **Økonomi:**

Økonomien i GMU inviterer ikkje til overflod, men etter at kommunane auka tilskota frå og med 2020, har ein hatt noko større handlefridom. Betalte tenester utgjer ein liten del av inntektene i GMU, men er viktige å halde på dagens nivå mot. moms. Gode kapitalinntekter gjennom siste åra gjer at eigenkapitalen har vakse og held seg på eit solid nivå. Handlefridomen knytt til nye prosjekt er såleis svært god.

### **Anna:**

GMU får førespurnader om å delta i ulike prosjekt, både forskning og næring, men må vere selektiv med omsyn til kva som er relevant for næringslivet i Gulen og Masfjorden. I 2021 fekk forskningsprosjektet PRE-DEKOR støtte frå Forskningsrådet til eit forprosjekt initiert av UiB ved Energiomstilling Vest og NHH der målet er å *«å forstå kva for moglegheiter og avgrensingar reguleringar, jus, og kontraktmessige strukturar gir for å utvikle nye og innovative og sirkulære idèar, samt byggje opp nye industrielle framgangsmåtar/produksjonsmetodar knytt til dekomisjonering.* GMU deltek som offentleg aktør og som koplingsaktør til bedrifter med planlagt dekomisjoneringsaktivitet i Sløvåg.

På bakgrunn av scenarioanalyse for Nordhordland, (EY, mars-21), vedtok Regionrådet våren-21 å setje ned ei arbeidsgruppe som skulle sjå på ein felles næringsstrategi for Nordhordland. GMU sit i arbeidsgruppa som skal utforme forslag til ny strategi, med mål om endeleg vedtak i Regionrådet før sommaren-22.



GMU har hatt behov for å revidere strategiplan, og 2021 har vore eit godt år for interne prosessar ettersom mykje anna aktivitet har vorte avlyst eller utsett. Andre planar som påverkar GMU som t.d. samfunnsplanar i kommunane og næringsstrategiar for Nordhordland er også under rulling eller utarbeiding, det er difor hensiktsmessig å jobbe med dette parallelt. Etter ein lengre prosess knytt til val av samarbeidspartnar, fall valet på EY som også har hatt ansvar for Scenarioanalyse for Nordhordland og no sist Grøn Region Vestland, (Bergensregionen). Ny strategiplan er ikkje i ferdigstilt enno, men vil ta opp i seg moment frå både lokalt planverks om t.d. næringsplan/samfunnsplan, scenarioanalyse og ny næringsstrategi for Nordhordland.

GMU har eit godt samarbeid med kommunane og blir jamleg invitert med i utval eller til å komme med høyringsinnspel. Gjennom 2021 har GMU vore del av prosjektleiargruppa som skal revidere samfunnsplanen for Gulen kommune, eit arbeid som tek ein del tid, men som er viktig då kommunane sine målsetjingar for næringsarbeid i samfunnsplanen bør henge saman med GMU sine strategiske prioriteringar som kommunen sitt næringsapparat.

Dagleg leiar opplever at ein har god oversikt over næringsliv, nettverk og region og tilsvarande har næringslivet god kunnskap om kva GMU kan bidra med. Bedrifter frå heile regionen nyttar GMU aktivt ved utvikling og nyetableringar, som sparring partnar og som praktisk tilretteleggjar. Dette gjer oss trygge på at det er fornuftig å bruke ressursar på ei teneste der terskelen for å ta kontakt er låg.

Sløvåg, 14.12.2021

Ragnhild Undertun,  
Dagleg leiar

**Fra:** Svein Helge Hofslundsengen <Svein.Helge.Hofslundsengen@masfjorden.kommune.no>

**Sendt:** 20.12.2021 10:27:53

**Til:** Post Masfjorden kommune <Post@masfjorden.kommune.no>

**Emne:** VS: Statusrapport - oppmoding om utbetaling av årleg tilskot - Masfjorden kommune

---

Hei. Til journalføring

Med helsing

Svein Helge Hofslundsengen  
rådmann

-----  
Masfjorden kommune, Austfjordvegen 2724, 5981 MASFJORDNES  
Direkte: 5616 6215, Mobil: 906 24 235, Sentralbord: 5616 6200  
E-post...: [svein.helge.hofslundsengen@masfjorden.kommune.no](mailto:svein.helge.hofslundsengen@masfjorden.kommune.no)  
Heimeside: <http://www.masfjorden.kommune.no>

---

**Fra:** Svein Helge Hofslundsengen

**Sendt:** 20. desember 2021 10:13

**Til:** Tone Jorunn Haugsvær

**Kopi:** ragnhild@gmu.no

**Emne:** VS: Statusrapport - oppmoding om utbetaling av årleg tilskot - Masfjorden kommune

Hei, tilskot til utbetaling jf. vedlegg tilvisingsblankett...

Med helsing

Svein Helge Hofslundsengen  
rådmann

-----  
Masfjorden kommune, Austfjordvegen 2724, 5981 MASFJORDNES  
Direkte: 5616 6215, Mobil: 906 24 235, Sentralbord: 5616 6200  
E-post...: [svein.helge.hofslundsengen@masfjorden.kommune.no](mailto:svein.helge.hofslundsengen@masfjorden.kommune.no)  
Heimeside: <http://www.masfjorden.kommune.no>

---

**Fra:** Ragnhild Undertun [mailto:ragnhild@gmu.no]

**Sendt:** 17. desember 2021 14:44



MASFJORDEN  
KOMMUNE

Bilagsnr.	Budsjettår. 2021
-----------	------------------

## TILVISNINGSBLANKETT

<b>Bankgiro</b> 3705 15 90733		<b>Faktura dato:</b>		<b>Leverandør navn:</b>		
<b>Fakturanr.</b>		<b>Forfall:</b>		GMU		
Konto	Ansvar	Teneste	Prosjet/objekt	MVA kode	Posterings Debet	Kredit
13701	1200	3250	D-90000		350 000,00	
2 1032 0003						350 000,00
19400	1200	3250				350 000,00
2 5608 0002					350 000,00	
					700 000,00	700 000,00

<b>Tekst/merknader:</b>	tilskot kraftfondet, jf. kraftfondsbudsjettet 2021 og rapport GMU av 14.12.2021 med anmodning om utbetaling av 2021 tilskotet
-------------------------	---

<b>Dato:</b>	<b>Dato:</b> 21-des.-21
<b>Attestert:</b>	<b>Tilvist:</b> Side 59 av 61

GULEN OG MASFJORDEN UTVIKLING AS

---

<b>Dato</b>	18.03.2022
<b>Vår referanse</b>	2022/3346-4
<b>Dykkar referanse</b>	
<b>Sakshandsamar</b>	Signe Gudveig Rauboti
<b>E-post</b>	Signe.Rauboti@vlfk.no
<b>Telefon</b>	92639736

Frå Siva og Vestland fylkeskommune

## Gulen og Masfjorden Utvikling AS – avhending av eigarpostar

Vestland fylkeskommune (VLFK) og Siva vil med dette meddele styret i Gulen og Masfjorden Utvikling AS (GMU) at vi ønskjer å avhende våre aksjar i selskapet, og med det avslutte eigarskapa.

For fylkeskommunen sin del er dette ei oppfølging av fylkestinget i Vestland fylkeskommune sitt vedtak 16.12.21, PS 131/2021. For Siva sin del, retningslinjer frå Nærings- og fiskeridepartementet om å selje aksjar i selskap som GMU.

Vestland fylkeskommune har 32,1% og Siva har 24,8% av aksjekapitalen i GMU, til saman 56,9%.

Innskoten eigenkapital i GMU, aksjekapital og overkursfond, er i overkant av 15,5 mill. kr.

VLFK og Siva vil tilby sal av aksjane til andre eigarar. VLFK og Siva sitt utgangspunkt er sal av aksjane til marknadspris, der marknadspris er pris basert på ei verdivurdering av selskapet. Endeleg pris er likevel noko ein vil måtte kome fram til gjennom nærmare forhandlingar.

VLFK og Siva er også opne for ei løysing der ein set ned selskapet sin aksjekapital og overkursfond, og tilbakebetalar kapital tilsvarande våre respektive verdjar.

For VLFK sin del er begge dei føreslegne løysingane vedtekne i fylkesutvalet, i sak PS 62/2022, den 9.3.22.

Både omsetjing av aksjar og nedsetjing av selskapskapitalen må gjennomførast i tråd med aksjelova sine reglar om dette.

Ut frå den strategien styret i GMU har lagt, med i hovudsak tenesteyting for eigarkommunane, vil selskapet etter avhending stå igjen med aktive og dedikerte eigarar. Om løysinga vert å sette ned eigenkapitalen, vil selskapet framleis ha eit svært solid økonomisk fundament som gir selskapet gode moglegheiter til å realisere sitt føremål og sine strategiar.

Vi håpar å kome i dialog med styret om dette, og deltek gjerne på eit eigarmøte i nær framtid, der selskapet sine aksjonærar kan drøfte saka.

Med helsing

**Jon Askeland**  
avdelingsdirektør

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*

Kopi til:

Ragnhild Undertun

Gulen kommune

Masfjorden kommune

Ulf Hustad, Siva

Jarle Holberg, Siva

Eivindvikvegen 1119

Austfjordvegen 2724